

# Eksamen

20.05.2016

DTR2001  
Produksjon

**Programområde:** Design og trearbeid Vg2

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I vurderinga av denne oppgåva vil det bli lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• formålstenleg val og bruk av maskiner og verktøy</li><li>• formålstenleg bruk av malar og jiggar</li><li>• tilrettelegging og gjennomføring av produksjonen</li><li>• måling av fuktinnhald</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Ingen

## Innleiing

Oppgåva tek utgangspunkt i ei kundebestilling. Kunden vil ha ei sirkelforma bordplate i eik. Understellet har han frå før, og det inngår derfor ikkje i bestillinga. Bordplata skal vere sirkelforma og ha følgjande mål:

- a) diameter 1000 mm.
- b) høgd 40 mm.

Plata skal lagast i heiltre. Av omsyn til stabilitet i bordplata ber kunden om at det vert fresa inn to gratlister/labankar på undersida av plata. Det er eit krav at desse er synlege berre på undersida, og at dei ikkje byggjer utanfor høgda på plata.

Verkstaden du brukar har ikkje CNC-fres.

## Oppgåve 1

Beskriv i detalj, og i kronologisk rekkefølge, korleis du vil gå fram når du skal framstille avstivinga av bordplata med gratlister/labankar ut frå ovannemnde opplysningar.

## Oppgåve 2

Beskriv i detalj, og i kronologisk rekkefølge, korleis du vil gå fram når du skal forma bordplata til ei sirkelforma plate ut frå ovannemnde opplysningar.

Du skal leggje vekt på bruk av maskiner, mal og jigg.

## Oppgåve 3

Bordplata skal brukast innandørs.

Korleis kan du forsikra deg om at materialane du brukar i bordplata har riktig fuktinnhald?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen av denne oppgaven vil det bli lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• hensiktsmessig valg og bruk av maskiner og verktøy</li><li>• hensiktsmessig bruk av maler og jigger</li><li>• tilrettelegging og gjennomføring av produksjonen</li><li>• måling av trefuktighet</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Ingen

## Innledning

Oppgaven tar utgangspunkt i en kundebestilling. Kunden vil ha en sirkelformet bordplate i eik. Understellet har han fra før, og det inngår derfor ikke i bestillingen. Bordplaten skal være sirkelformet og ha følgende mål:

- a) diameter 1000 mm.
- b) tykkelse 40 mm.

Det forutsettes at platen lages i heltre. Av hensyn til stabilitet i bordplaten ber han om at det freses inn to gratlister/labanker på undersiden av platen. Det forutsettes at disse bare kan sees på undersiden, og at de ikke bygger utenfor platens tykkelse.

Verkstedet du bruker har ikke CNC-fres.

## Oppgave 1

Beskriv i detalj, og i kronologisk rekkefølge, hvordan du vil gå fram når du skal fremstille avstivningen av bordplaten med gratlister/labanker ut fra ovennevnte opplysninger.

## Oppgave 2

Beskriv i detalj, og i kronologisk rekkefølge, hvordan du vil gå fram når du skal forme bordplaten til en sirkelformet plate ut fra ovennevnte opplysninger.

Du skal legge vekt på bruk av maskiner, mal og jigg.

## Oppgave 3

Det forutsettes at bordplaten skal brukes innendørs.

Hvordan kan du forsikre deg om at materialene du bruker i bordplaten har riktig fuktinnhold?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)